

Trimmar speleforma til 17.mai.

17.04.2016



Ella og Tørres øvde på trommemarsjar då eg var innom.

Det nærmar seg 17.mai, og ingen av uskedalingane er viktigare for å skapa fest denne dagen enn skulemusikken. Det er dei som spelar og syt for takt og stemning i folketoget. I helga har dei hatt seminar fredag kveld og heile søndag for å vera best mogeleg rusta til årets store festdag.



Malena, Hanna og Helene i horngruppa fekk det til å låta flott!

Då eg var innom skulen søndag føremiddag, var det gruppeøving som galt. Musikarane var fordelt på 6 ulike grupper. I tillegg til dirigent Tor S. Olsen og visedirigent Julie S. Olsen hadde Frida Nybakk, Hanna Tvilde og Thea Taranger ansvar for grupper. Dessutan øvde trommisane Ella Karina Hjørnevig og Tørres M. Lekva på oppslag og trommemarsjar for seg.

Eg hugsar far til Tor, Kjartan W. Olsen, så då han dirigerte Rosendal skulekorps heilt opp i Norgestoppen for 25-30 år sidan, at dei beste instruktørane han hadde var dei eldste i korpset. No ser det ut som sonen følgjer same oppskrift. Etter det eg kunne sjå, fungerte det glimrande. Det er også heilt klart utviklande for dei eldste å få slike oppgåver.



Thea, Ingrid og Sigr i konsentrert øving

Inne på skulekjøkkenet var ein flott bukett med mødre i gang med å førebu hamburger til middag. Også der var stemningen god. Dei kunne også fortelja at dei no skulle starta ein heimeøvingskonkurranse for å vera i best mogeleg form til 17.mai. Etter det eg skjønna, ville det bli trekt ut premiar blant dei som er flinke å øva. Når 17.mai vel er over, er det planar om Haugesund-tur med eit uhyre spennande program laurdag 21.mai. Dette verkar usedvanleg artig, og eg håpar uskedalen.no får ein skikkeleg rapport både med bilde og tekst!!



Her kosar gjengen seg med hamburger til lunsj

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Anja Strûter og Thor Inge Døssland

 [Tilbake](#)